



Stranda kommune

Næring og teknisk

Saksbehandlar: Ruth Elisabeth Blakstad

Melding om vedtak

Emdal Bygg AS v/Linda Emdal

Vår ref.:
2022001114- 3

Dykkar ref.:

Arkiv:
K2-L12

Dato:
20.12.2022

Oppstart av planarbeid - Detaljregulering Tuteg

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

19.12.2022 15:00 FAST UTVAL FOR PLANSAKER 082/22

Stranda kommune tilrår oppstart av planarbeid med detaljregulering Tuteg.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dato brevet er motteke. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Eventuell klage skal sendast skriftleg til det organet som har fatta vedtaket. Ver vennleg å oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar ein ønskjer, og dei grunnar du vil oppgje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden om å oppgje når denne meldinga kom fram.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Ruth Elisabeth Blakstad
Planleggar

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

--	--	--

Mottakar:

Emdal Bygg AS v/Linda
Emdal

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Ruth Elisabeth Blakstad

Arkivsak: 22/1103

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
FAST UTVAL FOR PLANSAKER	19.12.2022	082/22

Oppstart av planarbeid - Detaljregulering Tuteg

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Stranda kommune tilrår oppstart av planarbeid med detaljregulering Tuteg.

19.12.2022 FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 082/22 Vedtak

Stranda kommune tilrår oppstart av planarbeid med detaljregulering Tuteg.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Stranda kommune mottok 06.10.2022 forespørsel om oppstartsmøte for detaljregulering Tuteg på Ringstad i Stranda. Det ble avholdt oppstartsmøte mellom Emdal bygg AS og Stranda kommune 02.11.2022.

Hensikten med planenarbeidet er å leggje til rette for bustader, og intern infrastruktur på gbn 49/2 og 49/1. Under oppstartsmøtet anbefalte administrasjonen å utvide plangrensa til å nå Svingen handel, slik at ein kan regulere ein heiltrukken gangveg frå Barlia til Svingen handel, hhv. gbn 49/288 og 49/86.

Vurdering

Planområdet ligg i dag som landbruksformål i kommuneplanens arealdel (KPA) frå 2021.

Under høyring av KPA sendte Ous og Emdal Bygg inn uttale med ønskje om at gbn 49/2 vart omregulert til bustadformål, då eigedomen låg med omsynssone for kjerneområde landbruk. Svaret frå administrasjonen den gong var at ein ikkje kunne endre formål utan å sende heile KPA på ny høyring, men ein fjerna omsynssonen for å lettare leggje til rette for endring av arealformål ved ein seinare anledning.

Planområdet ligg i nærleiken av skule, idrettsstadion og i gongavstand til Stranda sentrum, dermed er det eit eigna område for bustader. Trafikksituasjonen er tenkt betra med gongfelt,

utbetring av kryss mellom Barlia og Ringstadvegen. Det er og tenkt at det skal gå gongveg gjennom planområdet, sørvest mot Fv60, Hevsdalsvegen, og mot skulane. Med bakgrunn i vurderinga over, rår administrasjonen til oppstart av planarbeid av detaljregulering Tuteg.

Vedlegg:

Dok.dato:

12.12.2022

12.12.2022

12.12.2022

12.12.2022

Vedlegg:

PLA Oppstart avslag 2014

Plangrense utvida 2013

Planprogram revidert 2013

Oppstartsmøte referat- Detaljregulering Tuteg

02.11.22 - signert

Dok.ID

342688

342689

342690

342694